

# HEIDERSPRIS – FØRDE IL



## PER FIMLAND

2019

Per Fimland f. 1952 kom med i styre og stell i Sunnfjord Skisenter Blomlia (eller Førde Skisenter som det den gongen heitte) så tidleg som i 1989, og er med sine 30 år i styret utan samanlikning den som har lengst fartstid i det dugnadsbaserte anlegget.

Per har på mange måtar blitt kjent som «Blomliapatrioten» framfor nokon, men sterke meiningar om anleggsutvikling og drift vil det alltid vere takhøgde for i Sunnfjord Skisenter.

### **Sunnfjord Skisenter (1989 – 2019)**

Nestleiar, forretningsførar, styremedlem, webansvarleg, preppemannskap, dugnadsmannskap. Per har vore vertskap og humoristisk festleiar for «Blomliafesten» gjennom mange år.

Førde den 15.03.2019



Tor Starheim  
Styreleiar Førde IL